

Agenda:

Folkemøte for ungdom om kommunereforma

Laurdag 30. januar 2016 klokka 11.00 til 16.00 blir det folkemøte for ungdom i Førdehuset i Førde om kommunereforma.

Tilstades blir representantar frå ungdomsråda i kommunane Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Gaular, Førde, Jølster, Naustdal og Flora. I tillegg møter ordførarane, ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane og administrative kontaktpersonar for ungdomsråda i kommunane.

Føremålet er å informere om det arbeidet som er gjort, få innspel frå ungdommen, diskutere og drøfte arbeidet med kommunereforma. Mykje skal skje no i vår. Folkerøysting i fleire kommunar, avgjerande vedtak i dei ulike kommunestyra, debatt sentralt og ei sluttbehandling i Regjeringa og på Stortinget.

Køyreplanen:

1. Kva relevans har kommunereforma for ungdommen?

Innleiing v/Sofie Sundberg, leiar i ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane
Tid: 15 minutt

2. Kva er viktig for vår kommune?

Innlegg frå to representantar i ungdomsråda i kommunane
Tid: 2 x 10 minutt

3. Kva er vi gode på i vår region, eigentleg?

Fakta og heilt sikkert nokre provokasjonar v/Rolf Sanne-Gundersen, møteleiar, konsulent og mangeårig NRK-redaktør.
Tid: 15 minutt

3. Ei framtid i Sunnfjord etter fleire år “der ute”.

Ørjan Stubhaug (32 år) er nytilsett plansjef i Naustdal kommune etter å ha teke utdanninga i Tromsø og jobba andre stader i landet i fleire år. Han og familien har kjøpt hus i Slåtdebakkane i Førde, og har satsa på ei framtid i Sunnfjord. Kvifor?

Tid: 15 minutt

4. Fakta om kommunereforma.

Status for det arbeidet som gjort med kommunereforma i vår region. Utgreiingsarbeidet, intensjonsavtalane og vegen vidare v/Per Arne Tveit, sekretær i HAFS og medlem av staben for kommunereformarbeidet.

Tid: 15 minutt.

5. Lunsj i Førdehuset

6. Arbeidsverkstad

Etter fagleg påfyll og lunsj blir det arbeidsverkstad med drøfting av ulike problemstillingar på ulike bord. Målsetjinga vår er å engasjere ungdommen i kommunane i denne saka. Vi skal gi deltakarane nokre hjelpemiddel på vegen.